

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sande

Emne: Vannbæring.

Bygdelag: Voksa

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa

(adresse): Voksa

G.nr. 63 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Vatnet har ein bore med to bytter i ei stang over skuldrane og ein taugende med krok i i kvar ende av stanga. På midten er treet noko breidare og uthola så det høver for skuldrane og ei runding utskava på midten slik det høver for halsen og. Toga med krokane var måta nett så lange at ein heldt med hendene i kroken eller byttekylpen og stødde byttene under gonga så ikkje vatnet eller det andre som kunne vera i byttene skvalpa utover. Namna på desse tinga er "eit hissepar" eller "hissene". Krokane kallar ein "hissekrok" og bandet "hisseband". Frå andre bygder (herad) kjenner eg "vasselen", ei reim over skuldrane med kroker i endane og eit tilskapa boge tre over magen som heldt byttene ut frå kroppen, men eg har ikkje sett denne typa ibruk her i Sande.

Når De spør om ein kan fastslå tidspunktet då ein slutta å bera vatn, så kan ein berre svare at vatn ber ein dagleg på dei stader ein ikkje har fått innlagt vassleiding, og det skulle eg tru var på annan og tredjekvar gard eller rettare i anna og tredjekvart hus.

2. Nei slike aparat til å bera vatn i veit ein ikkje om.

3. Nei det har ikkje vore vanlegt, kanskje avdi her ikkje alle vintrar er så mykje snø at det vert skiføre.

4. Meste vatnet ber vel kona eller tenestgjenta, elles er det den i huset som er ledig når ein treng vatnet. Ingen er friteken for å hente ei vassbytte.

5. Som sagt ovanfor er det svært vanlegt enno der ein ikkje har innlagt vassleiding, både på små og store bruk.

6. I harde turre vintrar som i år f.eks. måtte ein ofte henta vatnet lange vegar både til bu og su og då er det mykje lettare for den som kan kjøyre vatnet antan det er på vogn eller slede. Det rettar seg etter føret det.

7. Her på garden har 6 av 13 huslydar vatn i fjøset, 4 har og vatn i kjøkkenet, dei andre må bera vatnet både til folk og fe. Elles må eg visa til teljinga som ei vassforsyningsnemnd har fått istand gjennom Sosialdepartementet og som vonleg snart ligg føre, då den vonleg vil bli heilt pålitande.

Bygdøy i april 1948.

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvolutten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte væskene en lengre vei for å hindre at væsken skvulper over?

Brukte eller bruker en:

- 1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)? *ja*
- 2) a) Trekors?
b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det?
- 3) Noen trestykker?
- 4) Gress, halm, løkvister, store blad, gran- eller enekvister? *nei*
kaustje
- 5) Is eller snø?
- 6) Kjerald, skål, bøtter, trefat? *ja*
- 7) Korkskiver? *nei*
- 8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjæl, flottor, bøk, *utanmann* flæ, flyteskiver)?
- 9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket? *nei*

--- o o o ---

ad. 1.

1828

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Herad

Sunde

Uppteiknar

Torvald Lunde

M.O.R
Sande

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR: NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Utgjerd i Sande, M.O.R



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Nei

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

ikkje til vanleg

Thorvald Braade

3027

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING